Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkemedisin.

Oppskr. av: Hans Vidnes

(adresse): Fiskåbygd

Fylke: Møre og R.

Herad: Vanylven.

Bygdelag. Syltefjorden

Gard: Vidnes

G.nr. 24 Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det har skift mykje, serleg dei siste 40-50 år.
2 Eg er for ung til å vite noko sers om det, sidan den faglærde doktoren overtok i min barndom i staden for folkemedisinen. Men eg veit dei hadde tru på svoveldamp. 3 Dei hadde vanlege medisiner som nafta, kamfer og terpentin så å seie på kvar gard. Mange hadde attåt brennevin, eller kan skje best: rigabalsam. Attåt hadde dei ymse kumedesin, eller for andre dyr.
Mot brannsår vart bruka ei avskoren potete som ein la med skurdsida mot såret. Frostskadde deler

16763

av lekamen skulle gnidast
med snö. Mot influensa
med „brysthelle", „kyrm"
o. s. v. brukte dei ein ull-
klut inngnika med talgfeitt
og så slo dei terpetin på
kluten og la på „hella".
Så hadde dei liggjande
turka hylleroser dei laga
te av og drakk for „forkjö-
lelse". Rigabalsam var
örs godt for forkjölelse og
innfluensa. Brennevin
skulle drikkast, men
måteleg mykje, og så skulle
ein leggje seg ned og breie
godt på seg, sveitte og
sove det ut. Grautomslag
vart mykje brukt mot
lungebrann. Dei laga grauten
av grovt havremjöl. Her
var det kring 1860 skikk
at den födande skulle ha
brennevin tett före födselen.
Det gav dei bestemor mi.
Men då ho döde etter födselen,
angra mi oldemör mykje
at ho gav henne brenne-
vinet, for ho vart redd

16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3/ 3

det skadde. Groblad vart
også her brukt på sår.
Den vidgjetne kvaksalvaren
Martinus Eide (Åsebö) her
bruka mykje „nautlort",
kukake, ferske, på som
omslag på betennelse.
Han bruka og nokså
mykje fin lyse som
innvertes medisin. Dei
bruka ogsa mykje log laga
av ymse urter, blad og bær.
Ho „Gylesephora", Syrdsbotn,
kjend for medisinen sin
mot „gust" og utslett (ho
sende rundt heile landet),
brukte ogsa „hestemaur-
böle" i oppskrifta si. Mot
blodpiss hjå kyr og uksar
bruka far nokre „raude
låter" som veks på steinar
i fjöra, eit blautdyr utan
skal, så store som enden
av ein mannsfinger. Folk
kom til han og fekk dei.
Dei vart knödde inn i
grönemne og lagde inn i
kukjeften. Det skulle
„sikkert" hjelpe. Slik vart

16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4/ og hjasparlar brukt for 4
laupinga. 4 Kvar gard hadde ~~sitt~~
opplag av medisin, sjölv
om det berre var eit
nafta glas og eit glas med
kamferolje. Men dei „kloke"
kvinner og menn hadde
sine opplag, og der kunne
ein få det som trongst,
eller låne det frå andre
gardar. 5. Eg veit at jord-
mora vart nytta som
„klok" kone. 7 Ordet ukjent.
8 Eg har höyrt nemninga
slik: „divelstrikk"; men
veit ikkje meir om ho.
9 Det var dei kunnige på
kvar gard, ~~helst~~ gamle folk,
eller dei kloke. 11 Ja. 12 Kjen-
ner ikkje til det. Electriske
belte kjende vi til gjennom
~~vi til gjennom~~ vi til lysingar
i blada. 13 Dei vart nok
helst overleverte munnleg.
14 Eg trur dei fanst her og,
men veit ikkje meir.
15 Veit om ~~eit~~ „bak" av
kvitklöver har vore brukt
mot sjukdomen kolbrann,
med det fylgje at „mannen 16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vart frisk att". Likeeins veit
eg om ein som hadde
operert bort eit nyre for
tub., og som vart sjuk
i det andre at han
bruka kjerringerokkte. Han
er frisk no. Brennenotte
har eg brukt mykje sjölv
for tjukktarmskatarr,
brukte det i staden for
kaffi. Eg veit og om ein
lærar her som fyrst vart
mykje hjertesjuk, (han
hadde „hjartefeil" då han
döde i 75 års alderen) og
sidan fekk store vanskar
med fordöyelsen, mellom
anna kom det lange „flak",
som gråkvite nesten gjennom-
siktige „filmar", „filmband"
med avföringa. Det var gamalt
„tarmbelegg" sa han. Han
viste meg det, hadde det
ståande på glas. For å få
belegget til å losne, åt
han fin elvesand. Han
åt også klöverblad. Det
var kring 1933. Han vart
bra og greidde arbeidet sitt.
döydde ~~kring~~ 1950. Tjerelog,

16763
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6) det brune vatnet som kan flyte frå furu- eller granfjøre, vart brukt for „bröstsjuke", (tub) eller kanskje det var så dei slo tjøra ned i vatn, og drakk vatnet. Veit og at kirsebærbark vart brukt for tæring (bröstsykje), truleg som log.

16. Begge deler. 17. Veit ikkje om slikt spelte inn. Splint (tater) vart nytta som hestedoktorar. 19-20 Ja, det byrja vel helst i ung alder, og meir eller mindre av kunnskapen var overlevering helst frå folk på same garden, nære slektningar eller andre ein hadde lært det av. Det var i føre århundre lett å lære slikt, for kvaksalverråder var svært mykje bruka og svært mykje omtala til dagleg. Bygdedokter her, Martinus Eide, Åsebö", fekk sin „vitskap" frå bestemor til ein onkel som studerte medisin, og ho Jylesepiora fekk det visst (?)

16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

frå slektningar også. 21 Hjå bån var det sikkert medfött, likeså hjå oldefar min. Åsebö var både sjuk på sinnet og samstundes sikkert eit stort medisinsk geni. Sephora var klok, mellom anna var ho samlar.
22 Sjukdom på ein sjölv eller andre i heimen var nok og ei medverkande årsak til sume tider, og lysta til å hjelpe var kanskje i fleste höve det sterkaste tildrivet. 23 Om Åsebö kan seiast han hadde det som yrke ved sida av gardsbruket. 24. Åsebö tok mot pengar, men det var helst ring betaling han fekk både når han vart henta og når dei mötte opp. Det hende dei sökte han framom distriktslakjen, både fordi Åsebö var billegare og fordi gamle folk helst hadde likeså god tru på han. Sephora tok eit visst tal kroner for sin

16763
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8/ 8

medisin pr. flaske. Veit ikkje kor mykje det var. 25 Nei, ikkje med Åsebö. Sefhora sin medesin var nytta jamvel av ein dr. 26 Ja, Åsebö var kritisert og ledd åt, han var då sinnssjuk. 27 Ukjent. 29 Nemnt för 30 Ja. 34 Ja. Sefhora hadde det. 35 Ukjent. 37 Ukjent at Åsebö brukte det. Men ein gong hadde far ei ku som var „fårleg", kalvböra ville kome til syne för kalvinga, og gli ut etter. Så han måtte låne ein „sele" og binde på kyra. Så ved neste kalvingfekk han råda: Gje kyra litt brennevin som invårtes medesin, slå resten ned i krysset hennar. Dette vart gjort visnok både „litte" före og litte etter kalvinga. Kyra vart heilt god att. Far hadde ho til ho vart gamal. 39 Ei kone her hadde ei koppemaskine. 39 Åsebö lydde med öyra inn mot brystet. 49 Oldefar hadde ein liten kniv

16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

han förde inn med di han
heldt han inne i handa
når han skar opp kyr
som var „groa", er ikkje
sikker på kva det var, men
visstnok ei samanvokster i
köra. Aselbö trekte tenner
med tenger. 40 Ukjent.
41 Ukjent. Oldefar skulle
kurere både folk og dyr. Eg
trur han var „flink"?"
med dyr, men som folke-
dokter visste han visst lite.
42 Ja. 43 Ja, maskina til
tante Josefine og dei to kop-
pane er til enno, far
tida bortlånte. 44 Eg har
sett ein slik igel, men
hugsar ikkje meir om det.
45 Ja. Ein gullring vart lagd
inn under tunga på den
som blödde naseblod. Eg
har höyrt om ein som
kunne gjere det magisk og
få blodet til å stanse
straks. 46 Aselbö var „spesi-
alisert på å slå fast om
det var lungebetendelse,
bronkitt eller tæring, bryst-
hinnebetendelse. Han höyrde 16763
så godt. Han verkeleg flink-

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var han med led. Han la
eit nyste inn ~~under~~ i armhola
og stanga med skolten sin
armen i led. 47 Ukjent.
48 Ukjent. 49 Ja. Åsebø hadde
bøkene til ein slektning
som hadde studert medisin.
50-52 Åsebø var ikkje sprått-
lærd. Han lånte nok ikkje
ut bøkene. 53 Om sonen
hans har bøkene no, veit
eg ikkje. Men han er bort-
flytt frå bygda, så eg
veit ikkje.

16763

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING